

Skreddar-Olaplassen, Bjørke

På slutten av 1800-talet låg ein husmannsplass på det området som no er parkeringsplass ved den nedlagde butikken til Vigdis og Per-Johan Bjørke. Staden ligg der vegen over Notabreidsla tek av frå bygdevegen. Det er ikkje bevart noko synlege spor etter denne husmannsplassen, verken i form av bygningsrestar eller spor i terrenget.

Etter at husmannsplassen ikkje lenger var i bruk, vart husmannsstova flytta til Vollegarden, Morka. Her vart stova brukt som smalefjøs.

Andre opplysningar:

Det var skreddaren Ole Martinus Pålsson Hustad (1838-1889) som budde her frå ca. 1876 og fram til han døydde i 1889. Han var gift med Berte Berntsdotter Kalvatn (f. 1847). I 1896, sju år etter at Ole Martinus var død, gifte ho seg med ein annan husmann, Rasmus Lillestøl på Hauaplassen, Sjøstad.

Ole Martinus gjekk til dagleg under namnet "Skreddar-Ola". Han sydde klede til mannfolk. I folketeljinga i 1875 er han registrert hos ein anna husmann på Bjørke, Ole Johannes Jonsson Eide på Vikaplassen, berre ca. 200 m frå staden der Skreddar-Ole sjølv skulle slå seg til. I 1878 søkte han heredsstyret om å få tomt på Sæbø, men fekk avslag.

Bror til Skreddar-Ola, Jørgen Pålsson Hustad (1833-1908), budde kring 1870 i ei stove i Brattefjæra, like ved der Skreddar-Ola seinare fekk sett opp husmannsstova si. Jørgen (Grovos-Jørn) vart nokre år etter husmann i Grovosen på Ner-Åkre.

Skreddar-Ola og Berte hadde to søner, Bernt (f. 1874) og Paul Sivert Olaus (f. 1877). Bernt kom truleg bort på sjøen under første verdskrig. Paul Sivert vart kalla Skreddar-Syver. Han drog også til sjøs, men kom attende til Bjørke kring 1931. Alt som minte om heimen var då borte, og han busette seg hos slekt i Volda.

Kartutsnitt



Brukerinfo

Forfatter: Harald Krøvel

Publisert: 23.02.2013

Opprettet: 23.02.2013

Spesifikasjoner

Gardsnavn	Bjørke	GNR	135
Bruksnavn	Ikkje oppgjeve	BNR	40
Kulturminnetype	Usynleg kulturminne	Datering	1875-1899
KulturminneID	15200121	Synleg i terreng	Ikkje synleg
Opphavelig funksjon	Bustad, busetjing,		
Noverande funksjon	Ikkje i bruk,		
Tillating av eigar	Eigars tillating til registrering er ikkje innhenta		

Andre registreringer / dokumentasjon / kjelder

Einar Saure: Upublisert notat om kulturminne på Bjørke og i Sjøstaddalen.

Lars Strømme og Ragnar Standal: Hjørundfjordboka, band IV. Gard og ætt, s. 106

Dateringskjelder

Einar Saure (munnleg kjelde)

Planstatus